

Vidar Lehmann  
Søreidtræet 22  
5251 Søreidgrend  
Mobil 4114 0933

Ostereidet/Bergen, 27/2 2015

**Hordaland fylkeskommune**  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Agnes Mowinckelsgt. 5  
5008 Bergen

**Lindås kommune**  
Kulturkontoret  
5914 Isdalstø

**Modalen kommune**  
Kulturkontoret  
5729 Modalen

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
02. 03. 2015	
Ark. saknr. 15/90	Løstnr.
Saksj.	Tilgjengelige

### Søknad om tilskot til fotoutstilling

Med dette søker ein om tilskot til ei utstilling av nittitre omlag eit hundre år gamle, tidlegare ikkje publiserte foto av kvardags- og yrkesliv frå ulike stader i Osterfjorden.

Nærare omtale av prosjektet finst i **vedlegg 1**.

Kostnadsoversyn med framlegg til delingsmodell mellom Fylket og kommunane Lindås og Modalen er synt i **vedlegg 2**.

Eit utval av representative foto er òg vedlagde.

I von om positivt svar,

Venleg helsing

*Vidar Lehmann*  
Vidar Lehmann

- Vedl.1 Bakgrunn/materiale/vidare arbeid  
2 Kostnadsoversyn og framlegg om delingsmodell  
3 Foto

## Vedlegg 1: Utfyllande informasjon vedrørende søknad om støtte til utstilling av gamle foto frå Nordhordland

**Bakgrunn:** I samband med anna bygdehistorisk arbeid i Nordhordland kom eg ved eit reint tilfelle over tilsaman 93 fotonegativar på glasplater. Berre eit av dei, eit foto av to små born, var utstyrde med tilleggsinformasjon som tillet tidfesting. Dei to identifiserte var fødte i 1907 og 1909 og fotoet ser ut til å ha vore teke då dei var 6 og 4 år gamle, altså rundt 1913-14.

Dette saman med at negativane ser ut til å vera var av same type og fabrikk, tyder på at det meste av materialet er om lag eit hundre år gammalt.

Fotografen var Knut Mo (1896-1979), son til omgangskulelærer lærar Ivar Mo, (1844-1930) og andre kona hans, Gjertrud Knutsdtr. Fosse (1863-1838), frå Evanger. Ivar M var odelsgut til ein gard i Modalen, men pga. læreryrket gav han seinare frå seg odelen til bror sin og flytta utabygds.

Dei første og truleg dei fleste fotoa er såleis tekne då Knut var 17 eller berre nokre få år eldre. Dette høver godt med ettermålet hans som ein heilt uvanleg intelligent og framtøk bygdeungdom. Det siste temaet får i denne samanhengen liggja, men vil bli nærare omtala i bygdehistoria nemnt ovafor.

Knut vaks opp på Ytre Eidsnes innafor Eikanger, men kjøpte 29 år gammal eit stykke i Leirvika på Askvik (mellom Eknes og Ostereidet), sette opp hus og teknisk verkstad og budde der til han døydde.

**Fotomaterialet:** Negativane vart i 2014 avfotograferte av Hans Kristian Bukholm og deretter framkalla elektronisk av fotograf Helge Sunde. Dei finst no på CD-plater.

Knut Mo må ha hatt eit godt kamera og vore dyktig, for fotoa er så godt som utan unnatak utruleg klåre og velkomponerte. Nokre av dei er studerte på storskjerm og er òg i forstørring eksepjonelt tydelege og detaljrike. Mellom anna er detaljar i bunadsaum og andletsuttrykk tydeleg framstilte. Fagfolk som har sett fotoa er opp i undring over at det hundre år gamle materialet er så godt både fototeknisk og innhaldsmessig. Fotoa er ikkje publiserte før. Arvingane har gjeve fri bruksfullmakt.

Mange av fotoa ser ut til å vera tekne på Eidsnes/Eikanger og i nabolaget der, men nokre er frå Ostereideområdet og ein god del frå lenger inne i Osterfjorden til og med Modalen.

Nokre er foto av oppstilte folk, dels i bunad og med feler, sykklar og våpen, men vel halvdelen er meir situasjonsrelaterte. Spekteret er stort, frå gravferds-, bryllups og laurdagsdansfoto, til foto av sagbruk, gardar og anna verksemd, mellom anna bakeri, verkstadar og småbåtar. Eit foto syner noko som truleg er eit tidleg, svært lite elektristetsverk i eit tømra uthus, eit anna av ein liten sjølvлага bensinmotor installert i ein robåt. Det siste veit ein at han konstruerte og sette i gong før han var 20 år gammal.

Eit anna foto syner det som truleg var grendatunet til farsgarden på Mo, med elva og ei eike i forgrunnen, fleire gardshus med grastak, åkrar oppe mellom steinurene og lange rekkjer av hesjer, der trerønningar i staden for streng er brukte til å leggja høyet på.

Brorparten av menneska er det i dag truleg for seint å få identifisert. Nokre er truleg slekt frå Modalen. Dei fleste stadene let seg meir eller mindre noggrant lesa ut av naturen.

Etter mitt syn er samlinga unik. Kopi av nokre av fotoa er vedlagde.

**Vidare arbeid:** Mest for "syna rikdomen i desse hundre år gamle fotoa, men og i von om å få personar, situasjonar og andre tilhøve nærare identifiserte, er det ønskjeleg å laga ei utstilling.

Dei som ønskjer å samarbeida om dette dei før nemnde fotografane Hans Kristian Bukholm og Helge Sunde, og hertil undertekna og Anette Thorsheim. Ho har røynsle frå liknande arbeid og vil ta hand om den kunsttariske utforminga. Alt arbeid er til no gjort utan løn og ved eigne utlegg.

Utstillinga kan vera ein kombinasjon av framsyning på storskjerm og montering av foto på vegg. Etter mitt skjøn bør halvdelen av dei 93 fotoa vera oppheng, resten kan synast på skjerm. Denne måten å kombinera på er økonimisk og gjer at en har sjansen til å syna heile materialet.

Mindre forstørringar (A2-A3) kostar ikkje så mykje, men større bilete laga av profesjonelle firma vil kosta meir. Denne delen er difor eit reint spørsmål om pengar. I tillegg kjem materiell, montering, transport og arrangement. Ein kan i alle høve førebels ikkje rekna med vesentlege inntekter.

Vi ønskjer i første omgang å syna utstillinga på dei mest aktuelle stadane, Eikanger/Eidsnes, Modalen, og kanskje Ostereidet. Skulle det vekkja meir ålmenn interesse er ein òg open for anna og større publikum. Materialet er av så stor ålmennhistorisk verdi at dette tilseier fullgod arkivering.

(Bergen/Ostereidet 27/2 2015 VL)

**Vedlegg 2 Kostnadsoverslag og framlegg om deling av utgifter:**

Kopiering i storleikar A2,A3 og nokre få større	kr. 50.000
Montering	12.000
Materiell	7.000
Leige og bruk av Storskjerm	2.000
Transport	3.000
Honorar for kunstnarisk utforming	10.000

Sum kr. 84.000

Hordaland fylkeskommune	kr. 34.000
Lindås kommune	kr. 25.000
Modalen kommune	kr. 25.000

Bergen/Ostereidet 27/2 2015 VL